

Protokoll frå omframst styremøte i Språkrådet 23. august 2016

<i>Til stades</i>	Guri Melby, Trond Trosterud, Jan Erik Knarbakk, Liv Kari Eskeland og Bjørg Nesje Nybø
<i>Frå sekretariatet</i>	Åse Wetås (direktør), Marit Hovdenak (seniorrådgjevar, S 40/16), Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, S 40/16) og Åsa Kaldhussæter (førstekonsulent). Nina Teigland (seksjonssjef for seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning, fagleg føredrag om samarbeidet med Finans Noreg under lunsjen).
<i>Møtestad</i>	Møterom 30, Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møtetid</i>	Kl. 11.00–16.00
<i>Møteleiar</i>	Melby
<i>Referent</i>	Kaldhussæter

Sakliste

Konstituering

- S 37/16 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
- S 38/16 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 26. april 2016

Vedtaksaker

- S 39/16 Varamedlemmar til styret
- S 40/16 Normeringssaker
- S 41/16 Rekneskap per. 1. juli 2016
- S 42/16 Revidert budsjett 2016
- S 43/16 Plan for økonomistyring dei neste 4–5 åra
- S 44/16 Ny strategiplan 2016–2019

Drøftingssaker

- S 45/16 Uløyste oppgåver

Informasjonssaker

- S 46/16 Orienteringssaker
 - a) Etatsstyringsmøtet 27.4.2016 – referat
 - b) Virusangrep 18.3.2016 – oppfølging av leverandør (Acos AS)
 - c) Innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgare utdanning
 - d) Språkrådets innspel til humaniorameldinga
 - e) Revisjon av rekneskap og budsjetttdisponering 2015
 - f) Levering av fellestenester frå Nasjonalbiblioteket
 - g) Organisasjonsevaluering
- S 47/16 Høyringar

S 48/16	Mediesaker
S 49/16	Frå fagråda
S 50/16	Fellesmøte for fagråda – dato, invitasjon og program
S 51/16	Sak om særskild sidemålsopplæring
S 52/16	Eventuelt

Konstituering

S 37/16 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Saklista 23. august 2016

Styremøtet som var planlagt 6. juni vart avlyst grunna for høgt forfall. Dette møtet har nokre tilleggssaker til den opprinnelege saklista: S 39/16, S 41/16, S 46/16 f) og g). Tre sakspapir vart delt ut under møtet: ny versjon av prosjektregnskap (S 41/16), oppdatert saksdokument på S 46/16 d) og eit vedlegg som mangla i S 40/16.

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 38/16 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 26. april 2016

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 26. april 2016 er godkjend.

Vedtaksaker

S 39/16 Varamedlemmar til styret

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret bed Kulturdepartementet om ei endring i Språkrådets vedtekter, slik at det kan oppnemnast både 1. og 2. vara til styret for begge målformer.

S 40/16 Normeringssaker

- 1 Personnemningar med kortform og langform i nynorsk
- 2 Normering av *masai*
- 3 Normering av *saharawi* og *saharawisk*
- 4 Normering av *dølahest*, *dølafe* og *dølaku* i bokmål
- 5 Normering av *rakefisk* og *rakesild*

6 Normering av *smalehovud* i nynorsk

Sakspapir:

- Saksførelegg frå direktøren
- Framlegg frå fagrådet for normering og språkobservasjon (med vedlegg)
- «Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk» (vedtekne av styret i Språkrådet og gjeldande frå 1. mars 2015)

Marit Hovdenak og Sturla Berg-Olsen, fagrådssekretærar for Fagrådet for normering og språkobservasjon, la fram hovudtrekka i normeringssakene og bakgrunnsdokumenta. Styret roste det grundige arbeidet, men etterspurte ei kort innleiing til sakspapira.

Vedtak:

- 1 Styret vedtar at ei gruppe hankjønnsord med religiøst eller historisk opphav med valfri ending *-ar* i grunnforma får langform som eineform i nynorsk. Det gjeld ord av typen *anglikan(ar)* og *german(ar)*, der *anglikan* og *german* går ut, mens den lange forma blir ståande. Vedtaket gjeld desse 34 orda: *afrikand(ar)*, *anglikan(ar)*, *augustin(ar)*, *benediktin(ar)*, *bernhardin(ar)*, *birgittin(ar)*, *birkebein(ar)*, *bysantin(ar)*, *dominikan(ar)*, *florentin(ar)*, *fransiskan(ar)*, *galat(ar)*, *german(ar)*, *girondin(ar)*, *gote/gotar*, *herrnhut(ar)*, *hun(ar)*, *irokes(ar)*, *jakobin(ar)*, *kapusin(ar)*, *karoling(ar)*, *kelt(ar)*, *lutheran(ar)*, *meroving(ar)*, *mohikan(ar)*, *plebei(ar)*, *puritan(ar)*, *rabbin(ar)*, *sakse/saksar*, *sarasen(ar)*, *spartan(ar)*, *teuton(ar)*, *trojan(ar)*, *tungus(ar)*. Vedtaket gjeld òg samansetningar, t.d. *fransiskanarmunk*, og eventuelle sjeldnare ord som ikkje er komne med på lista. Eineforma *vallon* blir endra til *vallonar*, som får vanleg hankjønnsbøying (bøyingskode m1).
- 2 Styret vedtar at *masai* skal være normert skrivemåte i begge målformer. Ordet bøyes som et regelrett hankjønnsord.
- 3 Styret vedtar at *saharawi* og *saharawisk* skal være normerte skrivemåter i begge målformer. *Saharawi* bøyes som et regelrett hankjønnsst substantiv og *saharawisk* som et regelrett adjektiv.
- 4 Styret vedtar at *dølahest*, *dølafé* og *dølaku* skal være normerte skrivemåter i bokmål ved siden av henholdsvis *dølehest*, *dølefe* og *døleku*.
- 5 Styret vedtar at *rakfisk* og *raksild* skal være normerte skrivemåter i begge målformer ved siden av henholdsvis *rakefisk* og *rakesild*.
- 6 Styret vedtar at *smalahove* skal vere normert skrivemåte i nynorsk ved sida av *smalehovud*, men berre om 'matrett av hovud på småfe'. Ordet skal bøyst som eit regelrett inkjekjønnsord.
- 7 Etter vedtak i styret blir vedtak 1–6 registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på passende måte av Språkrådet og ved høve oppførte i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

S 41/16 Rekneskap per 1. juli 2016

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 1. juli, taloppstilling.

Vedtak: Styret tek reknekapen til etterretning. Styret bed om at taloppstillinga neste gong vert supplert med ei prognosekolonne.

S 42/16 Revidert budsjett

Sakspapir: Saksførelegg frå direktøren/administrasjonssjefen, taloppstilling og brev frå Kulturdepartementet dagsett 8.4.16

Vedtak: Styret godkjenner det reviderte budsjettet for Språkrådet.

S 43/16 Plan for økonomistyring i Språkrådet i den kommande femårsperioden

Sakspapir: Notat frå direktøren/administrasjonssjefen

Vedtak: Styret tek saka til orientering. Styret bed direktøren sjå nærare på innsparingspotensialet knytt til å redusere omfanget av trykte og utsende publikasjonar sett i samanheng med Språkrådets informasjons- og mediestrategi. Styret bed også om ein analyse av tidsbruk knytta til dei ulike oppgåvene Språkrådet har. Vi bed også om at direktøren ser nærare på kompetansesamansetninga i Språkrådet sett i forhold til kompetansebehova framover. Styret vil også be om ei orientering om pensjon.

S 44/16 Ny strategiplan for perioden 2016–2019

Sakspapir: Utkast til ny strategi

Vedtak:

1. Styret godkjenner strategisk plan med dei redaksjonelle endringane og merknadane som kom fram i møtet. Planen vert lagt fram for endeleg godkjenning på neste styremøte.
2. Styret bed om å bli orientert om plan for implementering og kommunisering av den nye strategiplanen.

Drøftingssaker

S 45/16 Uløyste oppgåver

Sakspapir: Saksførelegg frå direktøren

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med sakene i tråd med styrets prioriteringar.

Informasjonssaker

- S 46/16 Orienteringssaker:**
- a) Referat frå etatsstyringsmøtet 27.4.2016
 - b) Virusangrep 18.3.2016 – oppfølging av leverandør (Acos AS)
 - c) Innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgare utdanning
 - d) Språkrådets innspel til humaniorameldinga
 - e) Revisjon av rekneskap og budsjett disponering 2015
 - f) Levering av fellestenester frå Nasjonalbiblioteket
 - g) Organisasjonsevaluering

- Sakspapir:**
- a) Etatsstyringsmøtet 27.4.2016 – referat
 - b) Notat frå informasjonssjefen
 - c) Notat frå seksjon for seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgere utdanning
 - d) Språkrådets innspel til humaniorameldinga
 - e) Revisjon av rekneskap og budsjett disponering 2015
 - f) Notat frå direktøren
 - g) Notat frå direktøren, hovudfunn frå undersøkinga, handlingsplan for vidare arbeid

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 47/16 Høyringar

- Sakspapir:**
1. Høyring – forslag til nasjonale retningsliner for femårige grunnskolelærerutdanningar
 2. Høyring – endringar i forskrift til friskolelova (frå nettskjema)
 3. Høyring om rapporten Kunnskapssektoren sett utenfra

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 48/16 Mediesaker

- Sakspapir:** Rapport med utvalgte mediesaker 15. april – 10. august, egen rapport med utvalgte medieoppslag om Diplom for godt navnevett 2016, samt kronikk fra bladet Kommunikasjon nr. 2/2016.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 49/16 Frå fagråda

- Sakspapir:** 1. Referat fra møte i fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgere utdanning (fagråd 1) 19. april 2016

2. Referat frå møte i fagrådet for normering og språkobservasjon (fagråd 3) 13. april 2016

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 50/16 Fellesmøte mellom fagrådene og styret oktober 2016

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret tek saka til orientering. Styret deltek på fellesmøtet ved styreleiar.

S 51/16 Oppfølging av sak om fritak frå sidemålsopplæring

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 52/16 Eventuelt:

1. Neste styremøte, etter planen sett opp 27. september, vert utsett til 25. oktober.

2. Styret bed om eit nytt fast innslag på styremøta: Direktørens orientering.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 23. august 2016 er godkjend 25. oktober 2016

Guri Melby

Trond Trosterud

Liv Kari Eskeland

Jan Erik Knarbakk

Björg Nesje Nybø